



DET KONGELEGE  
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 7

(2004–2005)

## Om lov om endringar i folketrygdlova (rett til lønnskompensasjon under fedrekvoten basert på eiga opptening)

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet av 29. oktober 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

Barne- og familiedepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd kapittel 14 om ytelser ved fødsel og adopsjon. Endringane gjeld retten til lønnskompensasjon under fedrekvoten. Det blir foreslått at fedrar skal få lønnskompensasjon under fedrekvoten basert på eiga opptening. Forslaget er sett fram i St.prp. nr. 1 (2004–2005) med verknad for fødslar eller omsorgsovertakingar ved adopsjon frå og med 1. januar 2005. Denne odelstingsproposisjonen inneheld dei nødvendige lovendringane for at forslaget i budsjettproposisjonen skal kunne gjennomførast.

### 2 Bakgrunnen for endringsforslaget

#### 2.1 Om fedrekvoten. Gjeldande rett

Fedrekvoten inneber at fire veker av stønadspanen ved fødsel eller adopsjon er reservert for far. Som hovudregel fell vekene bort dersom far ikkje nyttar seg av dei.

Retten til fedrekvote blei innført med verknad frå 1. april 1993, jf. Ot.prp.nr. 13 (1992–93). Siktemålet var å få fleire fedrar til å ta aktivt del i omsorg i det første leveåret til barnet. Reglane om fedre-

kvote er seinare endra fleire gonger, siste gongen i Ot.prp. nr. 52 (1999–2000) om sjølvstendig oppteningsrett til fødsels- og adopsjonspengar for fedrar.

Heilt sidan 1977 har fedrar hatt høve til å dele fødsels- og adopsjonspengeperioden med mødrene. Det var få som nytta seg av dette høvet; berre 2–3 prosent av fedrane tok ut fødsels- og adopsjonspengar i byrjinga av 1990-åra. Innføringa av fedrekvoten førte til ein sterk auke i uttak av fødselspengar frå fedrar, og den delen av fedrane som nyttar fedrekvoten, har auka gradvis sidan 1993. I 2003 var det nær 90 prosent av dei fedrane som hadde rett til fedrekvote, som nytta seg av denne retten.

Reglane om fedrekvote er gitt i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova) kap. 14, i § 14–10 når det gjeld fødselspengar og i § 14–19 når det gjeld adopsjonspengar.

Det følgjer av folketrygdlova § 14–10 første ledd at det er ein føresetnad for rett til fedrekvote at både mor og far fyller vilkåra for rett til fødselspengar. I tillegg er det eit vilkår at mor i si oppteningstid har hatt ein yrkesaktivitet som har svart til minst halv stilling. Far sin rett til fedrekvote er altså avhengig av yrkesaktiviteten til mor før fødselen.

Lønnskompensasjonen for far under fedrekvoten blir rekna ut med utgangspunkt i inntekta hans etter reglane i folketrygdlova § 14–5 første ledd, jf. kap. 8. Men i samsvar med folketrygdlova § 14–10 andre ledd blir fødselspengane til far rekna ut i for-

hold til kor stor stillingsdel mor hadde i oppteningstida. Dette gjeld dersom mor arbeidde mellom 50 og 75 prosent stilling før fødselen. Dersom mor til dømes arbeidde 50 prosent stilling før fødselen, har far rett til lønnskompensasjon under fedrekvoten tilsvarende 50 prosent av si inntekt. Alternativt kan lengda av fedrekvoten avkortast tilsvarende, jf. folketrygdlova § 14–10 andre ledd tredje og fjerde punktum. Dette betyr at i eit tilfelle der mor har arbeidd 50 prosent stilling, kan far forkorte fedrekvoten og ta ut fulle fødselspengar i to veker. Den totale stønadsperioden blir då forkorta like lange.

Dersom mor har arbeidd minst 75 prosent av full arbeidstid, får far fødselspengar rekna ut i forhold til sin eigen stillingsdel, jf. folketrygdlova § 14–10 andre ledd andre punktum. Arbeidde mor til dømes tilsvarende 80 prosent stilling før fødselen, gir dette ingen avgrensingar når det gjeld far sin rett til lønnskompensasjon under fedrekvoten. Denne regelen tok til å gjelde frå 1. juli 2000 i samband med innføringa av sjølvstendig oppteningsrett til fødsels- og adopsjonspengar for fedrar (Ot.prp. nr. 52 (1999–2000)).

Tilsvarende gjeld ved adopsjon etter folketrygdlova § 14–19.

Barne- og familiedepartementet har sendt ut eit høyringsnotat med forslag til forenklingar i regelverket for fødsels- og adopsjonspengar. Høyringsnotatet inneheld mellom anna forslag som gjeld fedrekvoten. Det blir foreslått at fedrekvoten skal kunne takast ut i dei første seks vekene etter fødselen, at det skal bli mogleg å inkludere fedrekvoten i ei ordning med fleksibelt uttak av fødsels- og adopsjonspengar, og at høvet til å gi dispensasjon i forhold til fedrekvoten skal snevrast inn.

## 2.2 St.meld. nr. 29 (2002–2003) Om familien – forpliktende samliv og foreldreskap

I St.meld. nr. 29 (2002–2003) Om familien – forpliktende samliv og foreldreskap blei det skissert forslag til endringar på fødsels- og adopsjonspengeområdet. Forslaga byggjer på likestilling av foreldra som omsorgspersonar, og vil gi valfridom for familien og eit enklare regelverk. Som ei langsiktig målsetjing blei det skissert ei likestilt fødselspengeordning der kvar av foreldra får rett til fødselspengar på basis av eiga opptening, uavhengig av kva tilpassingar den andre gjer både før og etter fødselen.

Forslaget om at fedrar som i dag kjem inn under ordninga med fedrekvote, skal få rett til fødselspengar under fedrekvoten basert på eigen stillingsdel, blei lagt fram som første steg i retning av ei meir likestilt fødselspengeordning. Det blei under-

streka at ei slik endring vil gi eit enklare regelverk og vere særleg viktig å gjennomføre før fedrekvoten blir utvida.

Som neste steg blei det foreslått at alle fedrar skal få rett til fødselspermisjon i fire veker basert på eiga opptening. På lengre sikt, etter at sjølvstendig oppteningsrett til fire vekers fødselspermisjon er gjennomført, blei det foreslått å arbeide for å utvide fedrekvoten i form av ei forlenging av den samla permisjonstida.

## 2.3 Innst. S. nr. 53 (2003–2004)

Ved behandlinga av St.meld. nr. 29 (2002–2003) uttalte komiteen (jf. Innst. S. nr. 53 (2003–2004)):

«Komiteen har merket seg at Regjeringen vil prioritere at de fedre som i dag får fedrekvoten, skal få lønnskompensasjon basert på egen opptjening. Komiteen slutter seg til dette.»

## 3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til at siktemålet med forslaget er å styrkje fedrane sine rettar ved at lønnskompensasjonen til far under fedrekvoten blir rekna ut ut frå hans eiga opptening. Det inneber at utrekninga av fødselspengane til far under fedrekvoten ikkje lenger blir knytt til den stillingsdelen mor hadde før fødselen. Lønnskompensasjonen til far blir ikkje lenger redusert dersom mor har arbeidd 50–75 prosent stilling. Familien vil dermed ikkje tape økonomisk under fedrekvoten på at mor arbeidde deltid mellom 50 og 75 prosent stilling før fødselen. Forslaget sikrar far lønnskompensasjon under heile fedrekvoten basert på eiga opptening. Det nogjeldande alternativet om at ein kan velje ureduerte fødselspengar mot å forkorte fedrekvoten, vil dermed ikkje lenger vere aktuelt.

Forslaget omfattar ikkje endringar i vilkåra for rett til fedrekvote. Vilråa vil som i dag vere knytt til at både mor og far har opptent rett til fødselspengar, og at mor har hatt ein yrkesaktivitet tilsvarende minst halv stilling i oppteningstida, jf. folketrygdlova § 14–10 første ledd. Forslaget fører ikkje til at fleire fedrar enn i dag vil ha rett til fedrekvote, men sikrar ein betre lønnskompensasjon under fedrekvoten for familiar der mor har arbeidd deltid før fødselen. Forslaget vil venteleg føre til at endå fleire fedrar enn i dag kjem til å ta ut fedrekvoten, og vil gi eit enklare regelverk.

Tilsvarende gjeld for fedrekvoten knytt til adopsjonspengar etter folketrygdlova § 14–19 andre ledd.

Departementet foreslår at § 14–10 andre ledd og § 14–19 andre ledd blir oppheva. Tilvisingane til dei nemnde føresegnene i §§ 14–8 og 14–17 blir endra tilsvarande.

#### 4 Økonomiske og administrative konsekvensar

---

I St.prp. nr. 1 (2004–2005) er dei økonomiske konsekvensane av forslaget rekna ut til 5,5 mill. kroner i 2005, som ein førsteårseffekt knytt til auka utgifter for folketrygda. Heilårseffekten reknar ein med blir på om lag 25 mill. kroner (RTV, 2004).

Ein reknar ikkje med at forslaget fører med seg nemnande administrative meirkostnader.

#### 5 Merknader til dei einskilde paragrafane

---

##### *Til § 14–10*

Føresegna gjeld fedrekvoten knytt til fødselspengar. Regelen om at far under fedrekvoten får fødselspengar rekna ut frå mor sin stillingsdel i oppteningstida, står i noverande andre ledd i føresegna.

Forslaget om å innføre rett til lønnskompensasjon under fedrekvoten basert på eiga opptening føreset at det noverande andre ledd første punktum i føresegna fell bort. Det same gjeld reglane i noverande andre ledd andre til fjerde punktum, som modifiserer den nojeldande hovudregelen i første punktum. Etter noverande andre punktum har far rett til fødselspengar rekna ut etter eiga opptening dersom mor har hatt ein stillingsdel som har utgjort minst 75 prosent av full arbeidstid. Noverande tredje og fjerde punktum i føresegna gir far rett til å komprimere fedrekvoten for å få fulle fødselspengar over ein kortare periode. Ingen av desse reglane blir relevante når far får rett til lønnskompensasjon basert på eiga opptening under heile fedrekvoten.

Innføring av rett til lønnskompensasjon under fedrekvoten basert på eiga opptening fører såleis til at noverande andre ledd i føresegna kan fjernast. Noverande tredje til sjuande ledd blir nytt andre til sjetle ledd.

Forslaget inneber ingen endringer i dei vilkåra som må vere oppfylte for at fedrar skal ha rett til fedrekvote. For å få rett til fedrekvote må framleis både far og mor har opptent rett til fødsels- og adopsjonspengar, og mor må ha hatt ein yrkesaktivitet i oppteningstida som minst har svart til halv stilling, jf. folketrygdlova § 14–10 første ledd.

Forslaget fører heller ikkje til endringer i inntektsgrunnlaget for lønnskompensasjonen til far under fedrekvoten. Det skal som i dag følgje av folketrygdlova § 14–5.

##### *Til § 14–19*

Føresegna gjeld fedrekvoten knytt til adopsjonspengar. Innføring av rett til lønnskompensasjon under fedrekvoten basert på eiga opptening fører til at noverande andre ledd i føresegna fell bort. Noverande tredje til sjuande ledd blir nytt andre til sjetle ledd.

Vi viser til merknadene til folketrygdlova § 14–10, som vil gjelde tilsvarande her. Når det dreier seg om adopsjonspengar, vil utrekninga av lønnskompensasjon til far under fedrekvoten følgje av folketrygdlova § 14–15 jf. § 14–5.

Barne- og familiedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i folketrygdlova (rett til lønnskompensasjon under fedrekvoten basert på eiga opptening).

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i folketrygdlova (rett til lønnskompensasjon under fedrekvoten basert på eiga opptening) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om endringer i folketrygdlova (rett til lønnskompensasjon under fedrekvoten basert på eiga opptening)

### I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd gjer ein desse endringane:

§ 14–8 siste ledd bokstav c skal lyde:  
«når det etter § 14–10 *fjerde til sjette ledd* er gjort unntak fra bestemmelsene om fedrekvoten.»

§ 14–10 andre ledd blir oppheva. Tredje til sjuande ledd blir nytt andre til sjette ledd.

§ 14–17 andre ledd bokstav c skal lyde:

«når det etter § 14–19 *fjerde til sjette ledd* er gjort unntak fra bestemmelsene om fedrekvoten.»

§ 14–19 andre ledd blir oppheva. Tredje til sjuande ledd blir nytt andre til sjette ledd.

### II

Lova gjeld frå 1. januar 2005.

Lova gjeld for tilfelle der fødselen eller omsorgsovertakinga ved adopsjon skjer tidlegast 1. januar 2005.